



MODALEN KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 27.september 2023 kl. 09.00 – 12.55

Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset

Tilstades: Sigmund Vikane (leiar), Linda Tollfelsen (medlem) og Bjørn Helge Venås (medlem),
Jan Arild Steinsland (vara) Karianne Neset Nygård (vara)

Forfall: Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem)

Andre: Rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke, (i sak 21 - 28/23), økonomisjef Magne Verpelstad
(i sak 21 - 28/23) og ordførar Kjetil Eikefet i sak (i sak 21 - 28/23)

Revisor: Forvaltningsrevisor Arne Gilbakken (i sak 21 – 25/23) og forvaltningsrevisor
Ragnhild Kartveit Høyland (i sak 25 – 29/30) Vestlandsrevisjon IKS

Sekretær: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHALD

21/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
22/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 03.05.2023.....	2
23/23 Meldingssaker	3
24/23 Forvaltningsrevisjonsrapport	3
25/23 Stadfesting av revisor si uavhengighet.....	5
26/23 Tilbakerapportering forenkla etterlevingskontroll 2022.....	6
27/23 Aktuelt i Modalen kommune	6
28/23 Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	7
29/23 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024	7
30/23 Overføringsdokument til nytt kontrollutval	8
31/23 Møteprotokoll frå politiske utval	8
32/23 Eventuelt	8



21/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 27.09.2023 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Eit av varamedlemmene hadde ikkje fått innkallinga. Denne blei sendt ut under møtet.

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 27.09.2023 er godkjent.

22/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 03.05.2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 03.05.2023 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 03.05.2023 er godkjent slik den ligg føre.



23/23 MELDINGSSAKER

- a) Årsmelding og årsrekneskap godkjend i kommunestyret

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssaken til orientering.

24/23 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak» i Modalen kommune.

Kontrollutvalet innstiller til vedtak i kommunestyret om å be rådmannen følgje opp tilrådingane i rapporten, og gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 2.kvartal 2024.

1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak» datert 14.08.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be rådmannen følgje opp tilrådingane i rapporten.
 - Når kommunestyret og politiske utval gjer vedtak om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.
 - Rådmannen kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglement knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.
3. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å be rådmannen om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 2.kvartal 2024.



HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor, Arne Gilbakken, presenterte rapporten og arbeidet med rapporten i møtet. Han framheva at revisjonen har hatt eit godt samarbeid med administrasjonen i dette arbeidet.

Rådmannen kommenterte tilråding 2: Det skal arbeidast meir med å skapa ei tydeleg forståing for kommunestyret; kommunestyret bestiller saker gjennom vedtak. Dette vert også fokus i folkevaldopplæringa.

Det var ein feil i framlegget til vedtak frå sekretariatet, der dei to fyrste setningane er overflødige for vedtaket. Kontrollutvalet drøfta vedtaket og tilrådingane frå revisor og kom fram til følgande endring:

- 1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak» datert 14.08.23. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be rådmannen følgje opp tilrådingane i rapporten.*
 - Når kommunestyret og politiske utval kjem med innspel om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane, gjennom vedtak. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.*
 - Rådmannen kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglement knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.*
- 2. Kontrollutvalet ber om å få ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 2.kvartal 2024.*

Kontrollutvalet ynskjer at rapporten vert lagt fram som politisk sak i neste kommunestyremøte.

SAMRØYSTES VEDTAK

- 1. Kontrollutvalet har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak» datert 14.08.23. Kontrollutvalet sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be rådmannen følgje opp tilrådingane i rapporten.*
 - Når kommunestyret og politiske utval kjem med innspel om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane, gjennom vedtak. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.*
 - Rådmannen kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglement knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.*



2. Kontrollutvalet ber om å få skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 2. kvartal 2024.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak» datert 14.08.23. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og innstiller til vedtak i kommunestyret om å be rådmannen følgje opp tilrådingane i rapporten.
 - Når kommunestyret og politiske utval kjem med innspel om vidare utgreiing i samband med orienteringssaker/referatsaker, bør rådmannen omtala dette i møteprotokollane, gjennom vedtak. Dette vil styrkje internkontrollen og publikum sitt innsyn i den politiske handsaminga.
 - Rådmannen kan vurdere om det er hensiktsmessig å etablera ein skriftleg rutine i økonomireglement knytt til rapportering av investeringsprosjekt. Hensikta er mellom anna å stimulera til meir merksemd kring investeringsprosjekt og redusera sakshandsamingstida til politikarane.
2. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ein skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 2.kvartal 2024.

25/23 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Revisor informerte kort om uavhengighetserklæringa.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



26/23 TILBAKERAPPORTERING FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Økonomisjef orienterte om kva tiltak som er gjennomført for å betra arbeidet med økonomiske fullmakter.

Det er laga ein skriftleg rutine for tilvisingsretten i økonomisystemet for å tydeleggjere ansvaret. Delegasjonsoversynet er oppdatert, slik at det no samsvarer med personar som har fullmakter. Internopplæring, delegasjonsoversyn og skriftleg rutinar skal leggest inn i på kommunens intranet for å vera meir tilgjengeleg for alle ansatte.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

27/23 AKTUELT I MODALEN KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Rådmann, Jo Tømmerbakke, orienterte om:

- Valgjennomføringa
- Flyktningsituasjonen
- Budsjettarbeidet og vidare inntekter for kommunen
- Nytt administrativt IKT system skal innførast i løpet av hausten
- Det er arbeid med rutine for Bryggjeslottet. Administrasjonen ynskjer å lyfte dette til politisk sak.

Ordførar, Kjetil Eikefet, orienterte om:

- Statnett si utbygging og korleis Modalen kommune best kan dra nytte av denne.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



28/23 FOLKEVALDOPPLÆRING FOR KONTROLLUTVALET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Administrasjonen har orientert om folkevaldopplæringa i kommunestyret, og meiner det er fornuftig å invitere kontrollutvalsmedlemmer til folkevaldopplæring. Ordførar har spelt inn til KS at kommunen ynskjer at kontrollutvalet får tilbod om å delta i folkevaldopplæringa.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

29/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2024

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 851 000.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

BEHANDLING I MØTET

Sekretariatet gjekk gjennom forslag til budsjett for kontrollarbeidet. Forvaltningsrevisor, Ragnhild Kartveit Høyland, forklarte kvifor revisjonskostnadane er høgare for 2024.

VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 851 000.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.



30/23 OVERFØRINGSdokUMENT TIL NYTT KONTROLLUTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet. Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode. Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta overføringsdokumentet og la til følgande setning i vedtaket: *Dokumentet kan brukast i opplæringsarbeid i kontrollutvalet og kommunestyret.*

VEDTAK

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet. Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode. Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering. Dokumentet kan brukast i opplæringsarbeid i kontrollutvalet og kommunestyret.

31/23 MØTEPROTOKOLL FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Leiar orienterte om saker frå kommunestyret.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

32/23 EVENTUELT

Forvaltningsrevisor, Arne Gilbakken, og leiar i kontrollutvalet, Sigmund Vikane, deltek på neste kommunestyremøte for å presentera forvaltningsrevisjonsrapporten.